

## MØTEINNKALLING

---

Kopi til: Ordføreren  
Revisor  
Rådmann

Medlemene av  
Kontrollutvalet

### INNKALLING TIL MØTE I NORDDAL KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**måndag, 07.06.2010 kl. 14.00 på  
Rådhuset**

#### SAKLISTE:

- Sak 18/10 - Godkjenning av møtebok frå møte 15. april 2010
- ” 19/10 - Årsmelding 2009 – Norddal kommune
- ” 20/10 - Kommunerekneskapen – 2009 Norddal kommune
- ” 21/10 - Rekneskap 2009 – Norddal Eigedomsselskap KF
- ” 22/10 - Om vedteke mandat i plan for forvaltningsrevisjon
- ” 23/10 - Om byggeløyver i kommunen

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post [kontrollutval@kontrollutval.no](mailto:kontrollutval@kontrollutval.no).

Arne Sandnes  
leiar  
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I  
NORDDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 15. april 2010  
Møtestad: Norddal Rådhus kl 12.30

Møtet vart leia av: Arne Sandnes.

Elles til stades:

Signe Brenna og Randi Tafjord  
Frank Iversen hadde meldt forfall.

= 3 voterande

Frå Norddal kommune møtte ordførar Ruset.  
Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.  
Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne og advokat Kjetil Kvammen.

**SAK 15/10  
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 23. MARS 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte 23. mars 2010 blir godkjent

**SAK 16 / 10  
VEDKOMANDE UTSPEL MOT KONTROLLUTVALET I  
KOMMUNESTYREMØTE 18. MARS 2010**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Leiar i kontrollutvalet gjer greie for roller, arbeidsoppgåver og organisering av utvalet sitt arbeid i første kommunestyremøte.
2. Rådmannen blir oppmoda til i same møte å bekrefte at meiningsytringar og forslag med omsyn til kontrollutvalet sitt arbeid heretter blir teke opp på ein annan måte slik at usemje kan finne si avklaring på lavast mulig nivå.

SAK 17/10

**MOTTEKE NOTAT OM UTBYGGING AV FJØRÅ VASSVERK I 2009**

(saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vil sjå nærare på saka.

Arne Sandnes  
leiar  
(sign.)

Signe Brenna  
medlem  
(sign.)

Randi Tafjord  
varamedlem  
(sign.)

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 02.06.2010

**SAK 19/10  
ÅRSMELDING 2009 – NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Årsmelding 2009 – Norddal kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer. Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Kontrollutvalet tek årsmelding 2009 for Norddal kommune til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 02.06.2010

**SAK 20/10**  
**KOMMUNEREKNESKAPEN 2009 – NORDDAL KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2009 - Norddal kommune
2. Norddal kommune - kommunerekneskapen 2009

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsregnskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor og administrasjonen supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

1. Norddal kommune sin rekneskap for 2009 blir godkjent.
2. I enkelte verksemdar ligg det føre overskridingar i forhold til vedteke budsjett og kontrollutvalet ser på arbeid med økonomistyringa som viktig.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:  
10.05.2010  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Kommunestyret  
i Norddal kommune

Kopi: Kontrollutvalet  
Formannskapet  
Rådmannen

## REVISJONSMELDING 2009 – NORDDAL KOMMUNE


Vi har revidert årsrekneskapen for Norddal kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 119 600 724,- til fordeling drift og eit rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk på kr 0,-. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen er lagt fram av kommunen sin fagsjef for rekneskap og rådmannen. Årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimat, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Rekneskapen viser meirforbruk i einskilde verksemdar i høve vedteke regulert budsjett for 2009.

Vi meiner at

- Årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for Norddal kommune si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen, med unntak av forholdet nemnt ovanfor, er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og i samsvar med lov og forskrifter.



Kjell Bjørnsen  
dagleg leiar

Postadresse  
Postboks 7734 Spjelkavik

6022 Ålesund

Besøksadresse  
Lerstadvegen 545, 4. etg.

E-postadresse  
komrev3@komrev3.no

Telefon  
70 17 21 50

Telefaks  
70 17 21 51

Bankkonto  
6540 05 00465

Foretaksregisteret  
NO 971 562 587

**SUNNMØRE**  
**KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 02.06.2010

**SAK 21/10**  
**REKNESKAP 2009 – NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF**

Som vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til rekneskap 2009 – Norddal Eigedomsselskap KF
2. Rekneskap 2009 – Norddal Eigedomsselskap KF

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målesetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgjeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og styret si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

**uttale :**

Norrdal Eigedomsselskap KF sin rekneskap for 2009 blir godkjent.

Harald Rogne  
dagleg leiar

Vår sakshandsamar:

Vår dato:  
31.05.2010  
Dykkar dato:

Vår referanse:  
Dykkar referanse:

Kommunestyret  
i Norddal kommune


## REVISJONSMELDING 2009 – NORDDAL EIGEDOMSELSKAP KF


Vi har revidert særrekskapskapen for Norddal Eigedomsselskap KF for rekneskapsåret 2009, som viser eit overskot på kr 3 256 504,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om særrekskapskapen, og forslaget til bruk av overskotet. Særrekskapskapet består av resultatregnskap, balanse og noteopplysningar. Rekneskapslova sine reglar, forskrift om særbudsjett, særregnskap og årsberetning for kommunale og fylkeskommunale foretak og god rekneskapskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapskapen. Særrekskapskapet og årsmeldinga er avgjeve av føretaket sitt styre og dagleg leiar. Vår oppgåve er å uttale oss om særrekskapskapet og andre forhold i samsvar til kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at særrekskapskapet ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som underbygg informasjonen i særrekskapskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, samt vurdering av innhaldet i og presentasjonen av særrekskapskapet. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av føretaket si formuesforvaltning og rekneskaps- og intern kontroll-system. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- særrekskapskapet er avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilde av føretaket si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapskapet er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i særrekskapskapet stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentleg og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god bokføringskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om særrekskapskapet er konsistente med særrekskapskapet og forslaget til bruk av regnskapsmessig overskot er konsistente med særrekskapskapet og er i samsvar med lov og forskrifter.

  
Rjetta Bjørnsen  
dagleg leiar

  
Knut Gunnar Alnes  
registrert revisor



**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 02.06.2010

**SAK 22/10  
OM VEDTEKE MANDAT I PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON**

Kontrollutvalet har lagt fram slik samrøystes innstilling til kommunestyret:

1. *Ei overordna vurdering av intern kontroll og organisasjonsstruktur i Norddal kommune.*
2. *Ei vurdering av sjølvkostprinsippet m.m. innan VAR – området samt praktisering av refusjonsreglane i Plan- og bygningslova.*

*Kontrollutvalet får fullmakt til sjølv å føreta ei nærare prioritering innan desse områda.*

Kommunestyrevedtak 18.03.2010 sak 10/10:

*Saka vert utsett. Kommunestyret ber om at det blir utarbeidd ei risiko- og sårbarheitsanalyse som grunnlag for prioritering av aktuelle forvaltningsrevisjonsprosjekt.*

I saksdokumenta frå kontrollutvalet var overordna analyse som reiskap for utvelging av forvaltningsrevisjon nemnt. Med dette som bakgrunn har overordna analyse blitt eit tema i kommunen.

Overordna analyse er omtala i § 10, andre ledd i forskrift om kontrollutval. Forskrifta gir ingen føring på kva ei slik overordna analyse er eller korleis den skal gjennomførast, bortsett frå at den skal bygge på risiko- og vesentlegheitsvurderingar. Når det gjeld spørsmål om kven som kan gjennomføre den overordna analysen, seier departementet at kontrollutvalet står fritt til velge mellom kontrollutvalsekretariat eller revisor.

Når det gjeld overordna analyse, er det ikkje eit krav at denne skal vedtakast spesielt av kontrollutvalet eller kommunestyret. Analysen vil vere intern saksførebuing (interne arbeidsdokument) som er unnateke offentlegheit etter Offentleglova.

Dersom ein samanliknar kommunestyret sitt vedtak nemnt ovanfor og punkt 1 i kontrollutvalet sitt forslag til mandat for forvaltningsrevisjon, finn ein stor likskap. Dei vil faktisk kunne vere overlappende, men eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som omhandlar ei overordna vurdering av intern kontroll og organisasjonsstruktur vil vere meir omfattande.

Tilnærminga i avsnittet ovanfor synest dermed å kunne oppfylle kommunestyret sitt vedtak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

**v e d t a k :**

Saka blir lagt fram for kommunestyret til orientering.

Harald Rogne  
dagleg leiar

**SUNNMØRE  
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 02.06.2010

**SAK 23/10  
OM BYGGELØYVER I KOMMUNEN**

Som vedlegg følger:

- Brev frå rådmannen av 01.06.2010

Temaet kom opp i sak 09/10 Byggesak i Tafjord i kontrollutvalet sitt møte 12.02.2010 og kontrollutvalet gjorde slikt vedtak:

*Saka blir å kome tilbake til i neste møte.*

I sak 14/10, Om byggeløyver i kommunen i møte 23. mars 2010 gjorde kontrollutvalet dette vedtaket:

*Kontrollutvalet ber rådmann om ei skriftleg orientering om korleis kommunen vil forhalde seg til byggeaktivitet på campingplassar (oppføring av bygg /anlegg /innretningar der det ikkje ligg føre søknad) i tida fram til eit regelverk er godkjent.*

I dette møtet var rådmannen representert ved avdelingsingeniør Lars Kjell Småge som orienterte og svarte på spørsmål. Eit viktig tema var oppføring av eit permanent bygg ved strandkanten i Tafjord utan byggeløyve.

Rådmannen kjem inn på andre tema i sitt brev av 01.06.2010, men avsluttar slik:

*Her er altså ikkje noko nytt regelverk som skal godkjennast; det er mangel på praktisering av gjeldande regelverk som er utfordringa!*

Det er mulig at kontrollutvalet sitt vedtak ikkje har vore tilstrekkeleg presisert i forhold til det kontrollutvalet ønskte å få svar på. Det kan derfor vere grunnlag for å få nærare presisert korleis kommunen følgjer opp byggeprosjekt der det ikkje ligg føre søknad om byggeløyve og kva sanksjonar kommunen brukar i slike høve.

Harald Rogne  
dagleg leiar



Kontrollutvalet i Norddal kommune  
her

Vår ref.  
10/452/033/STHO/70258825

Dykkar ref.

Dato:  
01.06.2010

## Byggjeaktivitet på campingplassar - førespurnad frå kontrollutvalet

Eg viser til sak 14/10 i kontrollutvalet, der det vart gjort følgjande vedtak:

*Kontrollutvalet ber rådmann om ei skriftleg orientering om korleis kommunen vil forhalde seg til byggjeaktivitet på campingplassar (oppføring av bygg/anlegg/innretningar der det ikkje ligg føre søknad) i tida fram til eit regelverk er godkjent.*

Rådmannen er i utgangspunktet usikker på kva som er meint med siste passus i vedtaket "fram til eit regelverk er godkjent." Som kjent, er arealplanen for Norddal kommune handsama i kommunestyret, og i samband med dette har ein vedtatt reguleringsføresegner for campingplassar. Dei areala som ligg innanfor oppskyllingshøgde for ei evt. flodbølge er unntatt rettsverknad i høve arealplanen, jfr. byggjeforbod, og ein har då funne det rett å handsame også campingplassane utafør oppskyllingshøgda på same måte, dvs. unnta dei for rettsverknad i høve reguleringsføresegnene. Norddal kommune er no i gang med tilleggsutgreiing for desse områda, og ein reknar med at endeleg stadfesting av denne delen av arealplanen vil kunne skje i haust. Det er i dette arbeidet ikkje lagt opp til nokon ny gjennomgang av reguleringsføresegnene for campingplassar, slik at ein må rekne dei som allereie vedtatt.

For å førebu tilpassing til desse føresegnene, og ikkje minst vurdert ut frå ei brannfagleg vurdering, har det vore halde informasjonsmøte med campingplasseigarane, både for å gjere kjent dei nye reguleringsføresegnene, og ikkje minst for å orientere om gjeldande lov og regelverk for branntryggleik. Til det siste har vi nytta Ålesund interkommunale brannvesen. I denne dialogen med campingplasseigarane, som vi vil halde fram med, er det kome fram ulike problemstillingar og utfordringar, og kommunen har tilbode hjelp til planlegging i høve evt. behov for endringar i tilrettelegging/omorganisering av campingplassane. Det vil i tillegg bli halde eit eige informasjonsmøte med "bebuarane" på campingplassane i løpet av juni månad.

Rådmannen ser for sin del ikkje behov for andre tiltak enn det som er nemnd ovanfor, idet ein må ha som utgangspunkt at folk flest held seg til lov og regelverk som gjeld. Samstundes er eg klar over at mange kommunar i landet slit både med regulering av campingplassar og branntryggleik. Eg ser det difor som eit langsiktig arbeid å rette opp det som måtte vere gale, og vel å arbeide med informasjon og påverknad av haldningar.

Her er altså ikkje noko nytt regelverk som skal godkjennast; det er mangel på praktisering av gjeldande regelverk som er utfordringa!

Postladr.:  
Postboks 144  
6211 Valldal

E post/heimeside  
post@norddal.kommune.no  
www.norddal.kommune.no

Telefon/telefaks  
70 25 88 00  
70 25 88 01

Bankgiro:  
4020 07 00122

Organisasjonsnr.  
939 396 268

Med helsing

Stig Holmstrøm  
rådmann

Kopi til:  
Lars Kjell Smoge